

Festivalkontoret er opna.

02.08.2017



Ellen Teigen og Merethe Offerdal Tveit tok mot gjester på festivalkontoret onsdag.

Festivalkontoret i Gamleskulen var ein suksess i fjor, og dette vert fulgt opp i år. Onsdag kl.14 opna det dørene og det vil vera ope kvar festivaldag fram til og med laurdag. Då eg var innom ei stund etter opning, var det Ellen Teigen og Merethe Offerdal Tveit som styrte kontoret.



På festivalkontoret kan vi få kjøpt kjekke Festidalen-ting.

Festivalkontoret er ein svært sentral møteplass under Festidalen. Der kan ein få ordna det meste! Særleg viktig er det for dei som ønskjer å unngå kø ved inngang til konsertane på Dønhaug fredag og laurdag. Det er nemleg svært lurt å stilla på festivalkontoret og få bytta billetten i armband. Dessutan er det svært viktig og kødempande om dei som skal vera verje stiller der og ordnar verjekontrakt.

Elles sel dei som før, kjekke Festidalen-effektar. Her kan vi få kjøpt både t-skjorte, Festidalen-solbriller, hettejakke, caps, sydvest, støvlar og handlenett, alt med Festidalen-logo. Nytt av året er det at den populære Festidalen-t-skjorta er å få kjøpt i fleire fargar.

Opningstidene utover i veka er:

Torsdag: 12:00 – 19:00

Fredag: 11:00 – 18:00

Laurdag: 11:00 – 16:00

Elles byr også kontorvertane på kaffi og sjokolade. Derfor passar det godt å setja seg ned og ta ein koseleg festival-drøs med andre Festidalen-gjester.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland